

Felles programstyre for lektorutdanninga

Protokoll frå møte i felles programstyre for lektorutdanninga

Møte 11. desember 2024

Tidspunkt: 11. desember, 2024, kl. 13.00 – 15.00

Møtestad: Lektorsenteret, Christies gate 20

Til stades:

Endre Brunstad (leiar), Hilde Hjertager Lund (vara, PF-5LU), Liv Eide (PF-PPU), Katharina Sass (SV), Christian Sæle (HF-AHKR), Kimberly Skjelde (HF-IF), Johan Lie (MN), Guri Reikvam (Bergen kommune, Slåtthaug ungdomsskole), Katrine Aske (studentrepresentant frå FIL), Marthe Hatlen Grønsveen (observatør, fagleg praksiskoordinator) og Bo Byrkjeland og Aud Irene Mehammer (sekretariat, lektorsenteret)

Meldt forfall:

Martin Sjøen (PF-5LU) og Monica Håkonsli (VLFK)

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkallinga blei godkjend.

II Godkjenning av protokoll frå møtet 29. oktober

Protokollen blei godkjend.

Saker til eventuelt:

- Juleavslutning for lektorutdanninga.
- Spørsmål om endring av namn på Lektorprogrammet i nordisk.

Vedtakssak

Sak 60/24 Møteplan vår 2025

Vedtak

Felles programstyre vedtok framlegg til møteplan for våren 2025, med dei merknadane som kom fram i møtet.

Drøftingssak

Sak 61/24 Rettleiing av studentane sitt val av fag 2

Innspel og kommentarar som kom fram i møtet:

- Det er eit ønske om at studentane skal få studierettleiing, men mykje tyder på at dei studentane som kan ha behov for rettleiing, ikkje får det, fordi dei ikkje oppsøker det.
- Studentane må bli kjend med det faktiske timetalet i skulen på faga dei tek. Skulefag med få timar i skulen gir mange klassar og mange elevar å forhalda seg til. I dag er det ein del studentar som blir overraska over timetalet til ulike fag når dei kjem i skulen.

- Sidan mange studentar ikkje møter til informasjonsmøte om fag 2, bør informasjonen kome i andre samanhengar. Ein måte kan vere å gi denne informasjonen i undervisninga, kor studentane er.
- Dersom rettleiing om fag 2 skal vere obligatorisk, eller pålagd, bør det vere kollektiv rettleiing, då fagmiljøa ikkje har resursar til å gjennomføre dette individuelt.
- Samtidig er det eit poeng å gjere rettleiing av fag 2 meir målretta mot dei som faktisk har behov for det.
- Fleire er positive til å utvikle filmsnuttar om val av fag 2 og om dei ulike faga. Filmsnuttar på ei nettside med ytterlegare informasjon om val av fag 2 vil kunne gi god informasjon og vere lett tilgjengeleg for alle studentar.
- Det kom nokre framlegg til tilleggsopplysningar til skjemaet i vedlegg 1.

Orienteringssaker

Sak 62/23 Retningsliner for praksisbesøk

Reviderte retningsliner for praksisbesøk skal iverstjast i frå våren 2025. Det digitale skjemaet for registrering av praksisbesøk vil også komme til dess.

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 63/23 Status praksis i utlandet

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 64/23 Status lektorutdanningskonferansen 2025

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 65/23 Status Lærernes dag

Etter korona er det no andre år på rad at *Lærernes dag* blir arrangert fysisk på kampus. Datoen er 31. januar og det skal vere arrangement på Sydneshaugen, i jus-bygget, i Egget og på Griegakademiet. Det er meldt inn ca. 80 innlegg og timeplanen er full for alle lokala heile dagen. I og med at det er fleire innlegg i år enn i fjor, i tillegg til at timeplanen er utvida, er det forventa opp mot 2000 besøkande.

Det er *Kulturoperatørene* som har den tekniske og praktiske delen av arrangementet.

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 66/23 Status for rammeplanarbeid

Det er kome to rapportar om styringa av lærarutdanningane. Rapportane tilrår ein felles rammeplan for alle lærarutdanningane, med underkapittel for kvar enkelt lærarutdanning. Korleis inndelinga av type lærarutdanning blir, er ikkje avklart.

UHR-lærarutdanning ønskjer ein felles rammeplan og eit rammeplanarbeid vil komme til våren.

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 67/23 Orientering om saker frå styringsgruppa

Felles programstyre tok saka til orientering.

Sak 68/23 Eventuelt

- Påminning om juleavslutning for lektorutdanninga 17. desember på Muntlig, Studentsenteret.

- Studentambassadøren for lektorutdanninga får stadig spørsmål om kva lektorprogrammet i nordisk både er og inneber, og ho må forklare at dette programmet gir undervisningskompetanse i norsk. Med tanke på rekruttering kan det vere hensiktsmessig å få inn «norsk» i namnet på programmet, i alle fall når ein kommuniserer overfor potensielle studentar. Eit framlegg kan vere å sjå til SV sitt lektorprogram; Lektor i samfunnsfag - sosiologi (master).

Programstyrerepresentanten frå nordisk vil ta spørsmålet med seg til fagmiljøet og lektorutdanningsutvalet ved HF.